

# Årdal kommune

Sakspapir

| Saksnr | Utval         | Møtedato   |
|--------|---------------|------------|
| 028/05 | Formannskapet | 15.03.2005 |

**Sakshandsamar:** Jan Roy Dalheim

**Arkiv:** K2-X53

**Arkivsaksnr.** 05/821

## Skred ved Seimsdalstunnelen

### Kort samandrag

Det vart registrert steinsprang i enden av Seimsdalstunnelen v/Hybili den 31.12.2004. Om lag 20m<sup>3</sup> fjell har losna ved sleppområdet ca 40 høgdemeter over vegbana og spreidd seg i fjellsida og nedover mot veg. Steinblokker kom ned både på fylkesvegen ved tunnelopning og ved portalen til tilfluktsrommet (Hybili). Ungdomsklubben har brukt tilfluktsrommet (Hybili) fram til 31.12.2004, etter denne datoen vart tilfluktsrommet (Hybili) stengt og ungdomsklubben flytta midletidig inn i samfunnshuset på Årdalstangen. Fylkesgeolog Bjørn Falck Russenes synfarte staden og tilrådde munnleg eit betongoverbygg ved opninga med tilhøyrande ledevollar.

Seinare har Statens vegvesen og Årdal kommune utført felles synfaring med geolog frå Statens vegvesen. Statens vegvesen og deira geolog tilrår lett manuell reinsk ved tunnelmunning og ved portal for tilfluktsrommet (Hybili). I tillegg bør det sikrast med 4 meter høgt og oppimot 50 meter lagt fanggjerde for steinsprang over tunnelmunning og portalen for tilfluktsrommet (Hybili).

### Rådmannen si tilråding:

1. Rådmann får fullmakt til å etablere avtale med Statens vegvesen / fjellsikringsfirma som skal utføra arbeidet.
2. kr.400.000,- vert løyvd til sikringsarbeidet.
3. Investeringa vert finansiert med auka låneopptak, men dersom ein får nytte vedlikehaldsposten vert ikkje investeringa finansiert med låneopptak.

### 15.03.2005 FORMANNSKAPET

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**FS-028/05 VEDTAK:**

1. Rådmann får fullmakt til å etablere avtale med Statens vegvesen / fjellsikringsfirma som skal utføra arbeidet.
2. kr.400.000,- vert løyvd til sikringsarbeidet.
3. Investeringa vert finansiert med auka låneopptak, men dersom ein får nytte vedlikehaldsposten vert ikkje investeringa finansiert med låneopptak.

#### **Vedlegg:**

##### **Ikkje vedlegg:**

Rapport utført av geolog frå Statens vegvesen med bilde som viser området som skal sikrast. Søknad til Sogn sivilforsvarskrins datert 08.03.05.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

##### **Saksutgreiing**

Årdal kommune og Statens vegvesen har eit problem med dårlig sikra fjell ved tunnelopning på fylkesvegen 303 (Seimsdalen) og inngangsparti til tilfluktsrom (Hybili). Å sikra dette område med nett som geologen rår til vil kosta ca kr.800,000,-. Årdal kommune og Statens vegvesen drøfta fram ei kostnadsfordeling på 50/50 dvs. Årdal kommune sin del vert derfor kr. 400.000,-.

Fylkesgeolog Bjørn Falck Russenes har skissert ei anna løysing som klart sikrar området betre enn det fanggjerdet som statens vegvesen har føreslege. Ulempene med eit fanggjerde er at dette kan påføre kommunen store vedlikehaldskostnader og vil dessutan ikkje vere ei "100 %" løysing då Stein kan sprette over gjerdet pga høgde og plassering. Denne løysinga er ikkje kostnadsrekna.

Hybili: Ungdomsklubben er heilt avhengig av å få etablert eit permanent, eige lokale til klubbdrifta. Klubben treng tilgjenge til lokale der dei kan setja sitt eige preg på interiør, utforming, dekorasjonar og anna. Dette var mogleg i lokalet i tilfluktsrommet i Saltvika, men dette var upraktisk utforma, utan dagslys, trafikalt uheldig plassert, og over tid svært nedslite då ei i lang tid har leita etter ein annan stad for klubben og la vedlikehald og oppussing på eit absolutt minimumsnivå.

Ved å føra klubben attende til opphavleg lokale krev dette investeringar i storleiksordenen 250.000 – 400.000 kroner. Det bør absolutt vurderast om ein ikkje skal setja inn desse investeringane i eit alternativt lokale, meir i tråd med ønskja frå klubben.

##### **Andre opplysningar:**

Årdal pistolklubb og Ramsøy MC klubb har meldt si interesse for å leiga tilflukstrommet.

##### **Økonomiske konsekvensar**

Årdal kommune har pr 31.12.2004 kr 1 043 049,79 avsett til vedlikehald av tilfluktsrom. Det er den 08.03.2005 sendt ein søknad til Sogn sivilforsvarskrins om å nytte desse midlane til sikringsarbeidet. Då midlane er avsett til vedlikehald er det mogeleg at saka må avgjera i direktoratet for sivil beredskap.

#### **Vurdering**

Løysinga med sikringsgjerde er ei løysing som er mykje brukt til sikring av vegar men i liten grad brukt for å sikre busetnad og oppholdslassar for publikum. Sjølv om sikringsgjerdet ikkje fullt ut sikrar området er det likevel naturleg at ein vurderer dette opp mot det faktum at Hybili i snart 40 år har vore nytta til føremålet utan at det har vore noko uhell med steinsprang.

Vert ikkje området sikra må ein nøye vurdere om Årdal kommune kan leige ut tilfluktsrommet til andre interessegrupper.